

Innspel til profesjonsmeldinga frå Nord universitet

Spørsmål

Ta utgangspunkt i dei spørsmåla de ønskjer svare på.

Generelt

1. I teksten over har vi trekt opp ein del utfordringar for profesjonsutdanningane. Er de samde i at dette er sentrale utfordringar? Kva vil de eventuelt trekkje fram for å supplere eller korrigere dette utfordringsbiletet?

Det er behov for å tydeleggjera definisjonen av profesjonsutdanning. I dag er det avgrensa til dei utdanningane som har rammeplan/retningsliner, medan fleire fagområde kan vera aktuelle å definera inn. Det bør vidare drøftast korleis utdanningane kan ha like rammeføresetnader når det gjeld styring og autonomi. Profesjonsutdanningane skal vera forskingsbaserte, og det er behov for meir fokus på korleis ein kan styrka dette i alle utdanningane.

Det er også behov for å sjå om profesjonsutdanningane svarar godt nok til samfunnsbehovet. Her vil stram styring avgrensa utdanningane sine moglegheiter for utvikling.

Etter- og vidareutdanning for profesjonsutdanningane bør og bli drøfta i profesjonsmeldinga. Organiseringa av dette innanfor lærarutdanningane er uforutsigbart og har potensial for forbedring. Samstundes er etter- og vidareutdanning innan helse- og sosialfaga i liten grad finansiert. Dei ulike profesjonane har svært ulike rammeføresetnader på dette området.

Profesjonsmeldinga må bidra til å synleggjere og gi status til sosialfaga, og drøfte grensesnittet (og sjølvstøtt samspelet) mellom sosialarbeidarprofesjonar og helseprofesjonar innan ulike problemstillingar og tenester.

Dei svært detaljerte rammeplanane/retningslinjene hindrar utvikling og lokale tilpassingar. Dette gjeld og omfanget av læringsutbytte som blir beskrive. Det gir lite handlingsrom for valfag, internasjonalisering, fokus på forskning i utdanningane med meir.

I meldinga er det ynskjeleg at berekraftsmåla blir inkludert der det er relevant.

2. Korleis kan universitet og høgskular utvikle utdanningane i tråd med framtidige kompetansebehov og samfunnsendringane vi trekk opp?

I relasjon til demografiske utfordringar, og då særleg i distrikta, er det viktig å diskutera korleis ein i fordelinga av studieplassar og finansieringsmodellar ivaretek distrikta og institusjonane som tilbyr utdanning i distrikta. Å omfordele studieplassar frå mindre stader til dei store byane, eller å tildele endå fleire studieplassar til dei sentrale områda, tappar distrikta for søkjarar og på sikt også arbeidstakarar.

I eit arbeidsliv der ein i stor grad nyttar seg av internasjonal arbeidskraft, må ein vurdere korleis ein kan få fleire internasjonale søkarar til profesjonsutdanningane. Dette inkluderer òg fokus på språkopplæring, korleis innføring av studieavgift påverkar søkning - også til profesjonsutdanningne med meir.

Rammevilkår prega av handlingsrom, forutsigbarheit, langsiktigheit og godt samarbeid er oppsummerande nøkkelord.

Kvalitet

3. Sikrar krava vi stiller til fagmiljø gjennom lov og forskrift kvalitet og relevans i profesjonsutdanningane, eller er dei til hinder for t.d. praksisretta utdanningar?

Det er viktig med forskningsbasert undervisning også i profesjonsutdanningane. I denne samanhengen må ein sjå på om det innanfor nokre profesjonsfag kan vere rom for differensiering i ei overgangsordning mot å byggja opp fagmiljø.

4. Kva barrierar finst når det gjeld å tilsetta personar med fersk erfaring frå yrkesfeltet anten i delte eller heile faglege stillingar i profesjonsutdanningane? Kva kan byggja ned desse barrierane?

"Fersk erfaring frå yrkesfeltet" er eit ganske komplekst omgrep. Det er ikkje nødvendigvis slik at å ta med fersk erfaring fører til god utdanning. I dei seinare åra er det gjennomført ein del forsøk og utgreiingar (UHR) om forskingssamarbeid og kombinerte stillingar. Det vil vera ein fordel når det gjeld yrkeserfaring i utdanningane at dette skjer gjennom eit gjensidig og langvarig samarbeid mellom UH-institusjonar og tenestefelt.

Det er ein barriere med manglande forskingskompetanse i tråd med spørsmål 3. Institusjonane må ha insentiv som ikkje går utover økonomien, for å kunne satse på intern kompetanseutvikling innanfor profesjonsutdanningane. Ein annan barriere er at lønsnivået delvis er lågare i UH-sektoren enn i yrkesfeltet elles.

Generelt sett er bruk av kombinerte stillingar ein god samhandlingsarena med arbeidslivet, særleg der ein kan samhandle med eit forskingsfokus. Det kan likevel vere nødvendig med ein større grad av institusjonalisering av slike ordningar, som tradisjonelt har basert seg på individuelt framforhandla bistillingar.

5. Er det utfordringar med å rekruttere personar med førstekompetanse til utdanningane og i tilfelle kvifor?

Innanfor lærarutdanningane ser vi særleg mangel på tilsette som har ein fagdidaktisk retning i si doktorgradsutdanning. Det bør derfor satsast spesielt på fagdidaktiske

doktorgradskandidatar for å sikre fleire undervisarar med fagdidaktisk førstekompetanse og toppkompetanse.

Alle UH-institusjonar som no tilbyr profesjonsutdanningar for barnevernspedagogar, sosionomar og vernepleiarar har og relevante doktorgradsprogram. Dette betyr at ein kan forventa at tilfanget av jobbsøkarar med førstekompetanse vil auka framover.

For helsefagutdanningane og lærarutdanningane er ein i konkurranse med ein svært god arbeidsmarknad der akademia er ein lønnstaper. Dessutan har arbeidsvilkåra i akademia dei siste åra blitt svært pressa med omsyn til tid. Opplevinga av god kvalitet og tid er ofte utfordrande og kan føra til at nokon vel å ikkje gå den akademiske vegen. Generelt sett er konkurransen i jobbmarknaden stor, slik at det også vil vera nødvendig for UH-institusjonane å ha gode opplegg for kompetanseutvikling frå lektor til førstekompetanse hjå eigne tilsette.

6. Kva skal til for å bygge sterke forskingsmiljø i profesjonsutdanningane. Kva er barrierane?

Hovudtiltak kan vera fleire økonomiske forskingsinitiativ der målgruppa er mindre fagmiljø med ansvar for meir rurale/desentraliserte profesjonsutdanningar. Det er krevjande å konkurrere om forskingsmiddel med store, godt etablerte forskingsmiljø. Når det gjeld å sikra høg kvalitet ved alle norske profesjonsutdanningar, bør det og vera eit mål å styrka institusjonane med størst utfordringar. Mange fleircampus-institusjonar har profesjonsutdanningar ved fleire av studiestadene sine. Det er eit sterkt behov for å desentralisera slike utdanningar, samtidig som det er utfordrande å byggje samanvevde og sterke forskingsmiljø med spredte fagmiljø.

Tilgangen på kvalifiserte fagpersonar er ei barriere, særleg sidan det er mangel på mastergradsstudentar innan helsefag, og at ein oppmuntrar til vidareutdanning framfor fullføring av mastergradsstudium. Det er behov for øyremerka tiltak for å sikra rekruttering til førstestillingar og styrke forskingsgrunnet for profesjonsutvikling. Manglande forskingskompetanse vil ha negative konsekvensar for kvaliteten i forskingsbasert profesjonsutdanning. Det bør prioriterast meir profesjonsretta forskning som er praksisnær, deltakarorientert og brukarinitiert, slik at forskinga blir endå meir nyttig og brukt i praksis.

Det er og viktig å fokusere på ein forskingskultur der forskning og undervisning blir sett på som likestilte og samankopla aktivitetar i fagmiljøet. I ein større samanheng handlar dette også om tilgangen til forskingsmiddel. I dag er det ein betydeleg skeivfordeling mellom ulike sektorar når det gjeld tilgangen til forskingsmiddel.

7. Korleis kan koplinga mellom forskning og undervisning innan profesjonsfag bli betre?

For å skape sterke forskingsmiljø som er sterkt involverte i undervisninga i profesjonsutdanningane, og som bidreg til å tryggje læringsutbytte, er det viktig å knyte studentane til forskinga gjennom heile utdanningsløpet. Det er og ynskjeleg med ein tettare integrasjon mellom forskning og etter- og vidareutdanning.

Det er behov for meir forskning på eigen utdanning og korleis ein kan skape meir effektive og lærerike praksisopplevingar i samarbeid med praksisfeltet. Læringsutbytta mellom dei ulike profesjonsutdanningane i dei nye nasjonale retningslinjene for helse- og sosialfagutdanningane, indikerer behovet for forskning og undervisning som fokuserer på tverrfagleg samarbeid.

8. Korleis påverkar rammeplanane kvalitet og gjennomføring i profesjonsutdanningane?

Lærerutdanningane vert i dag regulert gjennom 10 ulike rammeplanar. Det må sikrast at framtidens lærarar har større fagleg breidde og kompetanse for å undervise på fleire trinn. Det kan vera fornuftig å redusera talet på lærerutdanningar og heller fokusera på kvalitet, samtidig som studentane får fleire val undervegs i utdanninga, heller enn å tvinga fram val før dei startar utdanninga.

Auka lærarmangel er ikkje berre eit nasjonalt fenomen. Ein ser og ein stadig aukande lærarmangel internasjonalt. Det vert vurdert som viktig at universitet og høgskular i større grad kan tilby tilpassa utdanning til personar som allereie er tilsett som lærarar, men manglar lærerutdanning. Dagens rammeplanar er for rigide og opnar i for liten grad til godkjenning og innpassing av annan relevant utdanning. Dette bør vera ei viktig prioritering for å sikra at barn og unge i norsk barnehage og skule møter ein kvalifisert lærar i framtidens skule. For at universitet og høgskular skal kunne tilby dette, krevst det vesentlege endringar i dagens rammeplanar.

Felles rammeplan for helse- og sosialfagutdanningane inneheld felles læringsutbytte som berre i grenseland er relevante for nokre utdanningar, og som bidreg til å gjera utdanningane meir arbeidskrevjande for studentane. For nokre utdanningar opplevast det at dei allereie er "fulle". I verste fall går dette på bekostning av oppnåinga av fagspesifikke læringsutbytte – det er ein tendens til å "fylle på", og deretter blir ingenting tatt ut når det gjeld det felles læringsutbyttet.

Oppsummert bør institusjonane ha større handlingsrom for å utvikla kvalitative gode utdanningar med god gjennomføring utan rammeplanar. Dersom det framleis skal vere rammeplanar for nokre utdanningar, bør desse avgrensast til å regulera læringsutbyttet på eit overordna nivå.

9. Kva bidreg rammeplanane for ingeniørutdanningane med, og er det framleis behov forrammeplanar for ingeniørutdanningane? Dersom det er behov for rammeplanar, er det noko som bør endrast i dagens rammeplan for ingeniørutdanningane?

Ikkje relevant.

10. Korleis fungerer samarbeidet mellom arbeidsliv og utdanning? Kva skal til for å få til godt samarbeid og kva barrierar finst det?

Det er gode samarbeidsarenaer både lokalt og regionalt for dei aller fleste profesjonsutdanningane. Dette skjer gjennom studieprogramråd, råd for samarbeid med arbeidslivet, praksisråd, dimensjonering av praksis, skoleeigarar, kommunar og helseføretak.

Det som manglar, er nasjonale digitale samhandlingsverktøy som kan forenkla - og trygga – forutsigbarheit og kvalitet samt sikra tilbakemeldingsløyper mellom praksisplass, institusjon og student. Dette for å ivareta både informasjonstryggleik, GDPR og effektivitet.

Barrierar er manglande kalibrering av forventningar til academia. Det er ei utbreidd forventning av at nærliggjande universitet skal "levera" alle utdanningane som regionen/lokalsamfunnet trøng. Her kan profesjonsmeldinga bidra til å skapa forståing for betydinga av kompetanse og kompetanseutvikling, og at kandidatar med høgare grad av kompetanse i arbeidslivet bidreg til utvikling. Herunder at også distriktskommunane må bidra til dette.

11. Korleis fungerer dialogen mellom universitet og høgskular og arbeidsliv/samfunn, og er det tiltak som kan bidra til god dialog om kvalitet og relevans i utdanningane.

Per i dag har vi mange samhandlingsflater. Utfordringa er at det blir mange møter og fora som nokre gonger blir kunstig oppretthalde. Sjå elles punkt 10.

I dag har arbeidslivet, særleg aktørar innanfor offentleg sektor, primært inntatt ei etterspørselsrolle etter høgare utdanning. Det er behov for å gjera arbeidslivet meir innstilt på å bidra med rekruttering, finansiering, medskaping og koordinering av etterspurnad etter utdanning.

Kapasitet

12. I Utsynsmeldinga blir det fast slått at dimensjoneringa av utdanningssystemet skal bli meir i tråd med behovet i samfunnet. Det skal skje mellom anna gjennom at UH-sektoren prioriterer å auke talet på studieplassar innanfor område som er etterspurde av arbeidslivet og av dei utdanningssøkjande, og som er særleg viktige for Noreg: å IKT, helse og utdanning som er nødvendig for det grønne skiftet. Korleis kan institusjonane arbeide for å sikre tilstrekkeleg kapasitet i profesjonsutdanningane?

For profesjonsutdanningane ved Nord, og ved våre studiestader, må det seiast at det er god kapasitet innanfor profesjonsutdanningane. Som tidlegare skildra, blir det sett med uro på at mellom anna tildelingsbrevet til UH peikar på at ved rekrutteringsutfordringar innanfor profesjonsutdanningar vil det vera aktuelt å flytta studieplassar til andre UH-institusjonar. I røynda vil stadig fleire studieplassar i dei store byane forsterka utfordringar med å rekruttera studentar til tilsvarande utdanningar i rurale delar av landet. Flytting av studieplassar frå rurale strøk til større byar vil berre svekka grunnlaget for fleircampusinstitusjonar som allereie

har ei svak finansiering. Dette er hastige og kortsiktige tiltak som totalt sett ikkje løyser noko, men som skapar ein sentralisering av høgare utdanning (og ei svekking av høgare utdanning i distrikts-Noreg).

Regionalt og lokalt søker helseutdanningane å samhandle med arbeidslivet, men samstundes må det gjerast "Kost og nytte-" vurderingar. Å omstille fagområde/studiar tek tid, sidan ein ikkje automatisk kan endra fagområdet til tilsette, noko som fører til betydeleg treghet i omstilling av ressursar.

På den andre sida vil utdanningar med stort innslag av praksis heller ikkje bli styrt berre av utdanningane sin kapasitet, sidan vi er avhengige av kvalitativt gode praksisplassar.

Fokus på betre økonomiske rammer, sidan vi både må bygga opp forskingsaktiviteten og driva kostbare utdanningar der kvar enkelt student må bli vurdert tryggleiksmessig, gjer at relasjonen mellom student og lærar/universitet må bli tettare. Dette samstundes med at ferdighetstrening og simulering, som er ein god læringsarena for studentar, er kostbart både i tid, utstyr og areal.

13. Har de døme på god dialog mellom universitet og høgskular og arbeidsliv for å sikre at kapasiteten er i tråd med behovet i arbeidslivet?

Særleg innan etter- og vidareutdanning, samt praksisutdanning, er det spesielt viktig å sikra tett dialog mellom UH og arbeidslivet. For Nord er det særleg viktig å sikra kapasitet og ha ein tett dialog med arbeidslivet i "vår region" (Nordland og Trøndelag). Dessverre gjer stor konkurranseutsetting og liten forutsigbarheit dette samarbeidet meir utfordrande.

Dei fleste profesjonsutdanningane har eigne "praksisteam" som arbeider mot praksisfeltet og er i jamnleg dialog om kor mange studentar praksisfeltet kan ta imot. Fokus på utdanningsplanar som reduserer problematikken med samtidighet mellom ulike program og studieår, er også ein del av dette. Når fleire institusjonar tilbyr utdanning på same stad, blir dette ofte løfta fram som ei utfordring, sidan det skaper samtidighetsproblematikk for praksisfeltet. Dette fordi ulike utdanningar har ulike læringsutbytte, varigheit og vurderingskriterier, noko som kan vere forvirrande for praksisfeltet.

Kapasitet i profesjonsutdanninga handlar òg om at det finst rettleiarar som kan gi studentane rettleiing i praksis. Kapasitet handlar altså ikkje berre om godt samarbeid, men og om at det finst kompetanse som kan rettleie studentane i praksis. I nokre profesjonsutdanningar er det mykje praksis, og då blir trykket på rettleiing stort og tildeles for omfattande.

14. Korleis kan vi utnytte utdanningskapasiteten, og særlig ledig utdanningskapasitet, best mogleg?

Dersom det blir færre studentar på enkelte studiar, vil dette gje effekt kun knytt til oppfølging i praksis, arbeidskrav og sensur. Det er følgeleg ikkje nødvendigvis slik at det blir ledige

ressursar av at færre studentar møter opp på ei utdanning. Emna må gjennomførast uansett om det er få eller mange som følgjer undervisninga, og infrastrukturen vil vera den same.

15. Kva er barrierane for å få til fleksibel og desentralisert utdanning?

Nord universitet er eit distribuert universitet med utdanningstilbod på 8 studiestader. Med det må ein seie at ein allereie tilbyr desentralisert utdanning. Utbygging av endå fleire desentrale og fleksible utdanningstilbod, uansett tilbydar, må ikkje gå på akkord med kvalitet og kapasitet i forhold til den store mengda grunnutdanningar som tilbys på større campus, og som bidreg til å utdanna den største mengda profesjonsutøvarar. Når fleksible og desentrale utdanningar skal tilbys med lokal undervisning, skaper dette press på fagmiljø, og kan få konsekvensar for heiltids campustilbod. Vidare er det ei utfordring at faktisk deltakelse, oppmøte og gjennomføring på slike tilbod er varierende.

Å drive fleksible og desentrale utdanningar imøtekjem lokalsamfunnet sitt behov for kompetanse, men det er ein svært kostbar utdanningsmodell. For å oppretthalde gode fagmiljø, stiller det krav til storleik og utdanningsnivå. Dette er kostnadskrevjande då det ikkje nødvendigvis er talet på studentar som er einaste kostnadsdrivar, og eit betydeleg tal tilsette må reise for å undervise andre stader enn sin faste campus. Talet på campusar og tilbod i distrikta har ein pris, og dette må kompensereast.

I nokre utdanningar er det ikkje mogleg å ha praksis ved eigen arbeidsplass/lokalsamfunn, noko som kompliserer moglegheita for utdanning "der du bur". Dette bør profesjonsmeldinga ta opp. Vidare har mange profesjonsutdanningar behov for spesialrom som ikkje er like tilgjengeleg i distrikta. I dette ligg også at Nord sender svært mange studentar ut i praksis i distrikta, og har i mange år hatt ei ordning med å gi bustads- og reisetilskot til studentane. Dersom vi skal ta "heile landet i bruk", der praksisfeltet også kan vere ein rekrutteringsarena, må slike tilskot leggjast til institusjonens tildeling over statsbudsjettet. Eller aller mest effektivt og med mest likebehandling, bli administrert som tilskot/stipend gitt av lånekassa.

For digitalisering trøngst det meir kompetanse blant vitskapeleg tilsette om digitale, studentaktive læringsformer. GDPR-utfordringar og Schrems II-dommen skaper i nokon grad også hindringar for å bruka fleire digitale, studentaktive verkty.

Profesjonsmeldinga må og ta opp i seg at for kommunane i distrikta vert det vurdert som viktig å ha studentar i praksis av fleire omsyn: i) rekruttering av personell, ii) fagleg utvikling, iii) samspel med utdanningsinstitusjonen. I Stortingsmeldinga «Tid for handling» blir det argumentert for ny oppgåvefordeling mellom første- og andrelinetenesta, samt behovet for å auka innovasjonstakta i tenestene. Studentar i praksis vil vera ein viktig aktør for å bidra til oppdatert kompetanse og nytenking. «Utsynsmeldinga» framhevar viktigheita av helse- og sosialutdanningane for eit berekraftig samfunn. For å realisere desse politiske ønska, må det leggjast til rette for kunnskapsutvikling i distrikta, også når studentane er i praksis.

Vidare er det svært ulike ordningar mellom profesjonsutdanningane når det gjeld løn for rettleiarar frå praksisfeltet når studentane er i praksis. I lærarutdanningane vert det gitt betaling, i spesialisthelsetenesta er dette historisk inkludert i rammetildelinga, medan det

ikkje finst nokon ordning i kommunehelsetenesta anna enn eit samfunnsoppdrag. Dette må det ryddast opp i slik at det blir ei "likebehandling", slik at ein også i praksisfeltet har både eit samfunnsoppdrag og insentiv til å stille med rettleiarar.

16. Har de gode døme på fleksible og desentraliserte utdanningstilbod i profesjonsutdanningar?

Nord universitet har lang erfaring med å tilby både desentraliserte og fleksible profesjonsutdanningar. Utviklinga innan digitalisering har gått raskt. Dette har bidrege til utviklinga. Samtidig krev det ein ressurseinsats frå den einskilde og god oppfølging frå fagmiljøa for den einskilde studenten.

For vidareutdanningane er det noko enklare, då ein del av dette er kortare utdanningar, og dei aller fleste er allereie ein del av eit fagmiljø som støttar kvarandre og har felles læringsarenaer.

Vi merkar òg at ei kombinasjon av samlingar og digitalisert utdanning er gode løysingar for mange.

17. Kva må til for at fleire unge skal velje profesjonsutdanningar det er stor etterspurnad etter i arbeidslivet?

Lærarutdanningar har opplevd ein kraftig nedgang i søkinga nasjonalt. Dei to siste åra har det og vore færre som har søkt bachelor i sjukepleie. For begge gjeld spesielle opptakskrav som manglar i en del andre profesjonsutdanningar. Profesjonsmeldinga kan gjerne belyse om formalkrava har ført til forskyving av søkjarar mellom dei ulike utdanningane.

Fallande popularitet i søkertal bidreg også til eit svekka omdømme. Det betyr at det er mindre attraktive yrke å søkje seg til. Dette antas å henga tett saman med arbeidskvardagen i desse yrka, og tilhøyrande medieoppslag og saker. Dei som set premisset for yrkeskvardagen til profesjonsutøvarar må ta ansvar for denne delen. Ei betre oppleving av arbeidskvardagen blant yrkesutøvarane er viktig både med tanke på omdømmebygginga knytt til profesjonsyrka og for å halde folk i jobben. Det kan vera nyttig med gode mentorprogram både i arbeidslivet og i profesjonsutdanningane.

Moglegheita for å konvertere lån til stipend - også for helsepersonell som vel å arbeide i Nord-Noreg etter endt utdanning bør utgreiast. Denne ordninga finst for lærarar. Vidare må ein sjå på alternative moglegheiter. I dag er det forhold etter endt utdanning som ulike insentiv er retta mot, medan ein bør vurderer insentiv som slår inn når ein vel utdanning – og gjennom utdanninga.

I tillegg bør ein jobba meir med kompetanseutvikling i praksis og i større grad verdsetta master- og ph.d.-kompetanse. Det vil gi betre tenester, høgare pasientsikkerheit, meir robust helsepersonell og sikra kvalifiserte lærarar frå barnehage og gjennom heile utdanningsløpet.

Samtidig kan profesjonsmeldinga belysa om det for mange unge er usikkert å velje lærarutdanning som varer i 5 år, med eit ganske ferdigdefinert yrkesval.

18. Korleis kan vi mobilisere vaksne som har familie og økonomiske forpliktingar til å ta ei profesjonsutdanning?

Prosjektet «LærariNord» stadfester at mange med familie og økonomiske forpliktingar vurderer ei profesjonsutdanning. Når det gjeld sjølve utdanninga, er det mange som er interesserte i stor grad av fleksibilitet og moglegheit til å kombinere utdanning med jobb og familie på staden dei bur. Sidan til dømes dei fleste lærarutdanningane er 5-årige heiltidsutdanningar, kan dette vere utfordrande å kombinere. Økonomiske støtteordningar gjennom studiet kan vera eit tiltak som gjer det mogleg for fleire å gjennomføra eit profesjonsstudie. Å ta ein 5-årig master på deltid gir eit utdanningsløp over 6-10 år, der sjansen for å gjennomføra og å "stå i det" reduserast for kvart år i utdanningsløpet, og blir ikkje vurdert som eit godt alternativ.

For lærarutdanninga er det ei utfordring at dagens rammeplan, særleg innanfor grunnskulelærarutdanninga, gjer det svært krevjande å få godkjent/innpassa tidlegare utdanning, og dermed "mister" ein potensielle kandidat for læraryrket.

Tilsvarande kan gjelda for nokre yrkesaktive i helsevesenet som ikkje oppfyller formalkrava for å starta til dømes på sjukepleiarutdanninga. I tillegg opplever vi at mange unge vaksne slit med å ta opp att fag, og kanskje utan å lukkast. Unge og unge vaksne må tidleg inn i utdanning, enten det er på lågare grad eller høgare grad. Det må tilførast meir ressursar for å bistå svake studentar, noko det blir stadig fleire av. Desse kan bli dyktige profesjonsutøvarar, men dei trøng meir hjelp og støtte. Dette kan bli forsterka med ei reformering av opptaket til høgare utdanning der moglegheita til å ta opp att fag blir avgrensa. Sjølv om det kan ha sine gode sider, vil det også føra til at nokre elevar som fell utanfor, til dømes i matematikk, vil møta opp med svært dårleg inntakskvalitet innan visse område og dermed ha svakare føresetnader for å lukkast i høgare utdanning.

19. Bør fleire av profesjonsutdanningane organisere arbeidsplassbaserte utdanningar, tresemesterordning eller forkurs?

Her utfordrast vi innanfor nokre utdanningar av til dømes EU-direktiv. For helsefag er til dømes Y-vegen vanskeleg, gitt EU-direktivet.

Forkurs kan vere ein mogleg veg for opptak i nokre av profesjonsstudiene. Dette vil også kunne bistå studentar med læringsteknikkar og førebuing til fag som ofte har høg strykporsent, særleg innan helsefaga.

Det vil bli vanskelegare å organisere tre-semester ordning innanfor profesjonsfag på grunn av dei mange praksisopphalda. Det er allereie i dag vanskelege å få organisert godt mellom praksisopphald og dei andre emna dei skal ta.

20. Er C-krav til opptak til masterutdanning til hinder for å vidareutdanne helsepersonell med erfaring frå arbeidslivet?

Karakterkravet bør vera opp til kvar institusjon å avgjera. Det kan vera gode grunnar til å ha B eller C. Det er likevel nokre tilfelle der det er vanskeleg for personar med eldre utdanningar å få godkjent utdanningane sine for opptak til ein master, noko det bør opnast for. Der det ikkje er høgt søkjetrykk, kan karakterkravet hindra at ein fyller opp plassane.

Lang arbeidserfaring som til dømes sjukepleiar/farmasøyt kan i nokre tilfelle vere like gode føresetnader for å lukkast med masterprogrammet som ein C i gjennomsnitt. Motivasjonen hjå vaksne studentar er ofte høgare.

Eit masterløp krev ein del førekunnskapar og eit visst akademisk nivå. Erfaringsmessig ser vi at kandidatar med lågare gjennomsnittskarakterar som blir teke opp, har betydeleg større risiko for å ikkje fullføre. Samtidig skal det ikkje vere ein "livstidsdom" om ein ikkje var i øvre sjiktet under bachelorutdanninga, etter fleire år som aktiv yrkesutøvar. Dette kan likevel løysast (som vi har gjort) ved å opne for at vidareutdanningar osb. kan telje med i opptaket til mastergrad, slik at ein har moglegheit til å vise høgare akademisk nivå og kunnskap også etter avslutta bachelor.

21. Bruker institusjonane høvet til å sikre lokal rekruttering ved bruk av kvotar i opptaket til vidareutdanning i helsefag? Kvifor/kvifor ikkje?

Innanfor spesialsjukepleie nyttar vi kvotar for å sikra eit minimum av plassar til helsetenestene lokalt. Vidare har vi opptakskrav knytt til bustadsadresse på ei sjukepleierutdanning.

Praksis

22. Korleis kan alle partar leggje til rette for at fleire får praksisen dei treng?

Å ta imot studentar i praksis, enten det er innanfor barnehage, skule, kommunar, fylke, primær- eller spesialisthelsetenesta, er i dag frivillig. Ein del skular, kommunar, sjukeheimar osb. seier nei, sidan det vert oppfatta som ein "meirbelastning" for dei tilsette.

Dette kan betrast gjennom ytterlegare tett samarbeid mellom alle partar, med god forankring i leiinga. Gjennom møteverksemd og prosjektsamarbeid kan vi styrka samarbeidet som er nødvendig for endring. Det skapar og ei sterkare forståing for utfordringane til kvarandre, både ved utdanningsinstitusjonen og hos samarbeidspartnarane våre i praksisfeltet. Vidare må ein sjå på at det er ulike rammevilkår for dei ulike sektorane når det gjeld å ta imot studentar i praksis.

Nye praksismodellar som i større grad vektlegg samarbeidslæring, der studentane kan jobba saman to og to, og der andre rettleiingsformer vert nytta, må undersøkast. Vi må skapa ein kultur for endring og deling, noko som blir mogleg gjennom felles prosjekt med fleire kommunar/helseføretak og utdanningsinstitusjonar. På denne måten kan vi nytta mindre ressursar og bidra til vekst.

EU-direktivet vert opplevd i dag som ein-sidig og må utfordrast og endrast for visse utdanningar. Å skaffa bustad i distrikta er ein flaskehals for å senda ut studentar i praksis. Dersom distriktskommunane hadde lagt til rette med tilgjengelege bustader i praksisperiodane, kunne vi ha nytta fleire praksisplassar. Vidare har Politihøgskulen ein annan ordning for praksis, der studentane har eitt heilt år i praksis. Ein diskusjon i profesjonsmeldinga om ulike variantar for studieløp hadde vore ønskeleg.

23. Lærestadane og arbeidslivet er avgjerande for kvaliteten i praksisopplæringa. Kan regjeringa likevel gjere meir for at alle studentar får praksisopplæring av god kvalitet, både når det gjeld førebuingane til praksis og rettleiing og fagleg oppfølging av praksisen?

Det bør utviklast profesjons- og sektorovergripande ordningar for forpliktelsar til å ta imot praksisstudentar, og ikkje minst felles finansieringsordningar.

Nokut har i dag ansvaret for nasjonal eksamen innan anatomi, med ein vanleg eksamen og ein kontinueringseksamen i løpet av året. Dette skapar utfordringar for oss som utdanningsinstitusjon, sidan førekunnskapskrav i studieprogrammet gjer at vi mister studentar som ikkje klarer det etter 2. forsøk. Det er ein høg strykporsent nasjonalt, så dette er truleg ei felles utfordring. Å måtte avbryta studiet og venta eit år har store økonomiske konsekvensar både for utdanninga og studentane.

Studentane får store utgifter i samband med praksisstudiar, sidan dei ofte må ut i distriktskommunar for å gjennomføra praksisen sin. Med betre støtteordningar gjennom Lånekassen, både som støtte til bustad i praksisperiodane og større omgjerung frå lån til stipend, kan det bli meir attraktivt å søkje studiar innan helse- og sosialfaga.

Praksisfeltet bør leggja betre til rette for at praksisrettleiarane får naudsynt formell rettleiarfagleg kompetanse. Fleire ønskjer no å ta rettleiarutdanning der dei får høgare løn, noko som kan vera eit godt insentiv både for rettleiarutdanning og motivasjon til å ha studentar i praksis.

24. Korleis kan utdanningane førebu studentane på eit yrkesliv der dei er forventa å samarbeide med andre profesjonar?

Det vil vere føremonaktig med auka fokus på tverrfagleg samarbeid i utdanningane og i praksis. Felles emne, felles øvingar på ferdighetssenter, felles øvingar innan krisehandtering, slik vi gjer ved «Øvelse Nord». Det handlar om å skape større forståing for kvarandre sine fagområde og korleis vi kan bidra med fagleg kunnskap saman.

Sykepleieutdanninga er gjennom EU-direktivet strengt regulert til å skulle ha sykepleiefagleg rettleiing i praksisstudiar, sjølv om dette er mildna opp i RETHOS. Å la våre studentar bli rettleidde av andre profesjonar der dette er føremålsteneleg, til dømes i praksis innan psykisk

helse, er ein moglegheit. Her er det mange med bakgrunn innan vernepleie som i mange tilfelle rettleiar kvarandre og oppnår sine læringsmål.

Eit viktig tiltak er fjerning eller mykning av nasjonale rammeplanar, sidan dei gjer det vanskeleg eller umogleg å få inn andre typar kompetanse som er viktig for tverrfaglegheit, eller nye krav til utdanningane som nasjonale rammeplanar ikkje fangar opp raskt nok.

25. Kva kan motivere til å ta imot fleire praksisstudentar og byggje ut samarbeidet om utdanning?

Dette handlar om relasjonar, ressursar og fleksibilitet. Å skapa fleire moglegheiter krev relasjonar til andre yrkesgrupper, det krev tid, ressursar og fleksibilitet i studia for å imøtekoma dette. Innafor rigide rammer, er det utfordrande å skapa moglegheiter.

Det må skapast ein sterkare "VI" kjensle i praksisfeltet – at det er avdelinga som tek imot studentar og ikkje den enkelte tilsette. Dette vil kunne bidra til å heva fagleg kompetanse gjennom praksis og dialog.

Større fokus frå leiinga på deira oppdrag med studentutdanning. Leiingstøtte er viktig i eit slikt arbeid for å setta retning og fokus.

Kombinerte stillingar. Desse kan bidra sterkt til samarbeid rundt studentarbeid.

26. Er strukturen på praksis og mengda med praksis innan lærarutdanningane rett eller bør praksisperiodane vere lengre og slik gi høve til eit djupare innblikk i livet på ein skule eller barnehage?

Vi får ein del tilbakemeldingar om at studentar gjerne skulle hatt lengre og meir konsentrert praksis enn dei får i dag. Med mindre stram rammeplanstyring kunne den enkelte utdanning hatt moglegheit til å ha varierte modellar. Dette kunne og gitt andre moglegheiter for samhandling med praksisfeltet.

Innafor sjukepleiefaget kunne reduserte krav til antall praksisveker vore ein fordel. Det blir større og større utfordringar for utdanningsinstitusjonar å skaffa tilstrekkeleg med praksisplassar. Samtidig blir det færre sjukepleiarar, og dermed færre rettleiarar. Med teknologisk og digital utvikling kan delar av praksisen erstattast med gode kliniske øvingscenter.

Talet på praksisveker påverkar også sterkt våre moglegheiter til ei pedagogisk utforming av studieprogrammet, for å sikra ein god samanheng mellom teori og praksis.

Det er viktig å få definert studiepoeng for alt studentane skal gjera i studiet. At nokre delar av enkelte studier ikkje har studiepoeng, skaper ein auka risiko for stor totalbelastning på studentane og fleire utfordringar når studentar byttar utdanningsinstitusjon mv.

Mangfald

27. Har de gjennomført tiltak for å auke mangfaldet i profesjonsutdanningane? Korleis har eventuelle tiltak verka?

Nord universitet tilbyr sør- og lulesamisk grunnskulelærerutdanning og barnehagelærerutdanning med samisk profil. Dette er utelukkande positivt med auka mangfald innanfor våre profesjonsutdanningar.

Vidare har vi delteke i eit prosjekt med rekruttering av fleire frå ulike kulturar i barnehagelærerutdanninga og grunnskulelærerutdanninga.

28. Kva verkemiddel kan vi bruke for at profesjonsutdanningane tiltrekkjer seg studentar frå begge kjønn og ulike føresetnader og bakgrunnar? Kva bør rolla til offentlege styresmakter vere i dette arbeidet?

Innføring av studieavgift for søkjarar utanfor EU/EØS reduserer mangfaldet. Samstundes hindrar dei stramme rammeplanane/retningslinjene moglegheitene for utveksling, tverrfakultær/internasjonalsert utvikling av utdanninga.

I høgare utdanning er kjønnsbalansen ei utfordring, og for nokre profesjonsfag meir enn for andre. Denne utfordringa må løysast lenge før elevane skal velje høgare utdanning. Grunnlaget vert lagt i barnehagen og grunnopplæringa, og det er der tiltaka bør settast inn. Vi har også moglegvis noko å læra av nabolanda våre når det gjeld rekruttering og ivaretaking av studentar med ulike føresetnader og bakgrunn.

Det er ei utfordring i mange utdanningar med språkproblemstillingar for studentar med minoritetsbakgrunn, flyktningar osv. Ein del av desse har svake ferdigheiter i norsk skriftleg, lesing og munnleg, noko som hindrar dei i å halda følge i utdanningsløpet. Kanskje kunne eit forkurs for høgare utdanning vera ein moglegheit, både for ein del av denne gruppa, men også for andre studentar med dårlege forkunnskapar. Uansett bør problemstillinga få mykje merksemd i profesjonsmeldinga.

Høgare løn i profesjonsyrka kan vera eit aktuelt tiltak som vil gjera at fleire opplever det som attraktivt å søkje seg til profesjonsutdanning og -yrka.

Facilitering, krav om eller finansiering av mentorordningar i praksisfeltet kan vera nyttig for å tryggja studentane i kva dei går til, og gjera yrkesvalet enklare for dei. Meir fleksibilitet i organiseringa av profesjonsutdanningane vil òg gjera at fleire kan søkje seg til profesjonsstudiar, og at utdanningane kan bli meir attraktive dersom ein også auker fleksibiliteten i innhaldet i utdanningane.